HEFTE

1STE

Klinisk og pedagogisk

TIDSSKRI

for

SEKSUALØKONOM

Innhold:

a
fo
d
li
ka

fr
n
å
s
fo
og
i ei
kom
gjekk
lover s
slutt k
mennesk
langt på
om, krefte

Tidsskriftet utgis av
INTERNASJONALT INSTITUTT FOR SEKSUALØKONOMI
Skandinavisk avdeling

REDAKTØR: DR. ODD WÅGE HAVREVOLD
Gustavs gate 3 - Tlf. 68 616

REDAKSJONSSEKRETÆR: DR. PHIL. OLA RAKNES
Observatorie Terrasse 10 - Tlf. 41 796

Tidsskriftet utkommer regulært med 3 nummer i året.

PRIS PR. NUMMER: KR. 2.50

ÅRSABONNEMENT: „ 6.00

Manuskripter fra Danmark sendes til
FRU ELLEN SIERSTED
Godthaabsvej 142, København F.

Alle andre manuskripter sendes til dr. phil. Ola Raknes,
Observatorie Terrasse 10, Oslo.

Tidsskriftet fåes i bokhandelen og bestilles gjennom
POSTBOKS 2477, OSLO

Hefte 1. 1939
1ste årgang

Klinisk og pedagogisk

TIDSSKRIFT for SEKSUALØKONOMI

Sigmund Freud

(6. mai 1856—24. september 1939.)

Etter at redaksjonen av dette fyrste numret av tidskrifta vår var slutt, kom det melding frå London at Sigmund *Freud* var død, noko over 83 år gamal. Den mannen som i eit langt livs arbeid hadde skapt føresetnadene for og til dels lagt grunnen for alle større framsteg i vår tids psykologi og psykoterapi, han døydde i utlægd, langt borte frå det landet der han hadde gjort livsverket sitt — eitt av dei landa som no er strokne av Europakartet.

Freuds storverk var at han førde menneskja eit lenger steg fram enn nokon annan har gjort på vegen mot eit realistisk, naturleg, vitskapleg syn på sitt eige sjeleliv. Inntil for eit hundre år sidan såg menneskja seg sjølv som eitkvart reint serskilt, utan samanheng med det som elles fanst i verda, alt anna var til berre for menneskja si skuld — og til Guds ære. Men so kom Darwin og viste at menneskja biologisk var ein lekk som andre lekkar i ei lang utviklingsrekkje, eit dyr som dei andre dyra. Di næst kom Marx og viste at det menneskjelege samfundslivet ikkje gjekk etter den «frie viljen» åt einskildmenneske, men etter lover som hadde sitt hovudgrunnlag i produksjonsvilkåra. Til slutt kom *Freud* og synte at sjølve sjelelivet, sjølve den menneskelege viljen, ikkje er frie, men går etter faste lover, og langt på veg vert styrde av krefter som medvitet vårt lite veit om, krefter som på ei eller anna vis har sitt opphav i vår biolog-

iske organisme og vert utforma og får si stemneleid av samfundet me lever i. Dermed var menneskja definitivt flytt frå sin tenkte himmel og ned på den verkelige jorda. Endå skilde det mykje på at samanhengen mellom den biologiske organismen og sjelelivet var klårlagd i alle stykke, men sjølve påvisinga av ein lovbunden samanheng der vart grunnlaget for den største snunad i synet på menneskja som har gått for seg i nyare tid.

Alle revolusjonar i åndslivet byggjer enten på oppdaging av nye fakta eller på innordning av fakta i ein og vidare samanheng, som så kan føra til oppdaging av vidare nye fakta og nye samanhengar. Soleis òg med den revolusjonen *Freud* skapte. Hans oppdagingar var for ein stor del, som han sjølv var den fyrste til å peika på, at han drog fram i ljoset ei mengd med ting som vanleg folk, men sjeldan vitskapsmenn, nok hadde sétt før, men ikkje vyrdt på, ikkje teke for ålvor. Ein og annan diktaren eller tenkjaren hadde nok vore inne på sumt av det, men berre i spreidde blenkar. Difor verka oppdagingane hans òg så framandslege, så utrulege, at det tok meir enn ein mannsalder før den offisielle vitskapen, universitets-psykologien og -medisinen, ville gå inn på dei og taka dei opp til ålvorleg etterprøving. Hovudgrunnen til dette var elles mindre det urimelege ved *Freuds* fakta og teoriar enn den innlærde og ålment godkjende uviljen mot dei sider av livet som *Freud* tok opp til gransking, nemleg seksualitet og agresjon.

Det var ikkje Freud som gjorde det umedvitne sjelelivet til ein vitskapleg arbeidshypotese, det hadde andre gjort før. Men *Freud* var den fyrste som synte for ei rolle det spelar i alt menneskeliv, hjå sjuke og friske, i arbeid og kvardagsliv, i kunst, religion og politikk, hjå den einskilde og i samfundslivet. Han viste samanhengen mellom det umedvitne og driftene som er grunnlaget for all menneskeleg åtferd, og korleis vårt medvitne sjølv i hovudsaka er ein reidskap som driftene har skapt seg for å kunna koma til naudsynlege kompromiss seg-imellom og for å kunna taka dei omsyn som trengst til verda ikring. Men fyrst og fremst har *Freud* skapt ein vitskapleg *metode*, både til å granska det umedvitne og til å retta på samarbeidet mellom det og det medvitne sjølvet, det samarbeidet som er eitt av viktugaste vilkåra for sjeleleg helse.

Lat oss stutt rekna opp det som etter vår meining er hovudresultata av *Freuds* gransking: 1) Læra om barneseksualiteten og om seksualutviklinga frå barn til vaksen — eit naudsynleg grunnlag for all forståing av psykologisk utvikling over hovud; at denne læra etter seinare røynsler treng korrektur og utfyl-

ling, gjer ikkje verdet av Freuds grunnleggjande arbeid mindre. 2) Læra om fortrengjinga, det at undertrykte og gløymde minne, ynske og impulsar lever vidare og framleis er verksame, i det dei både bind krefter til å halda undertrykkjinga ved lag, og dertil set seg igjenom i maskerte eller vanskapte former, eller i uventa samanhengar eller i slepp-tenkte augneblinkar. 3) Påvisinga av at ustetta og undertrykte seksual- og pågangs-ynske og -impulsar er årsaka til alle nevrosar og derigjenom til ein stor part, ja størsteparten, av alle sjukdomar (som, mange, sjølvsagt kan eller må ha andre årsaker attåt). 4) Påvisinga av at den vanlege oppsedinga skaper ei lag-deling i sjelelivet, med større eller mindre motsetnad mellom dei ymse lag: mellom det medvitne sjølvet og det umedvitne driftlivet og samvetet eller «over-sjølvet»; denne påvisinga og dei vidare fylgjene av den held no på og vert grunnlaget for ei ny og friare oppseding. 5) Læra om Ødipus-komplekset eller den seksuelle bindinga mellom foreldre og born; at nyare gransking tyder på at dette «komplekset» serleg er knytt til ei viss samfundsform, den patriarkalske, gjer ikkje Freuds oppdaging mindre, men heller meir viktig.

Freud nådde fram til sine resultat i tolmodigt, samvitsfullt arbeid med sine pasientar og med seg sjølv, og uredd fortalde han det han fann. Han skjøna tidleg at det kunne få langtrekkjande konsekvensar, og han var heilt klår over at han ville møta motstand og utskjelling — sjølve arbeidet og granskinga hans hadde synt han at det måtte så vera. Dette var visseleg ein av grunnane til at han tidleg drog seg tilbake frå all polemikk om arbeidet sitt og resultata sine — han fann at det nytta lite eller inkje. I staden la han vinn på å setja fram sine funn og sine konklusjoner og teoriar så klårt og endefram som mogeleg, til bruk for dei som sjølve ville ta arbeidet med å etterprøva dei. Sjeldan har det vel på tysk mål vore skrive klårare om vanskelege emne — Freud var ein av største språk-kunstnarane i sitt land.

Så stor ein vitskapsmann som Freud var, så opi eit syn han hadde både for gamle og nye fakta, og så sterk hans sjeldsynte evne og vilje til objektivitet var, så hadde han òg sjølvsagt sine grenser, som det er rimeleg at me seksualøkonomer peikar på, fordi me reknar oss både for hans mest saklege kritikarar og for hans mest konsekvente arvtakarar. Den grensa som etter vår meining stansa Freud, fordi han ikkje såg ho, er det trykket som samfundstilhøva og det rådande samfundssynet legg jamvel på den vitskaplege granskinga. I det ser me forklåringa både

på lakunene i hans seksualteori, på den form hans sublimeringslære fekk med sin motsetnad millom drift-stetting og kulturell yting, og på hans tendens til biologisering av nevrose-årsakene, ein tendens som serleg syner seg i hans dødsdrift-teori. Med desse teoriane har han etter vårt skjønn sett resultata av sitt eige tidlegare arbeid i fåre, og difor er det me har kome i motsetnad til han. Men det hindrar ikkje at me i takk og vyrdnad er med og hyller minnet om den mannen som med sitt livsverk var den største frigjeraren i vår tid, og som *òg* skapte dei naudsynlege føresetnader for vårt arbeid.

Ola Raknes.

Vegetoterapiens nuværende stilling til psykoanalysen.

1. Seksualøkonomien er læren om seksual-livets lover. Disse lover blir bestemt av orgasmeformelen: Spenning — ladning — utladning — avspenning. På de sjelelige funksjoners område bygger seksualøkonomien videre på den psykoanalytiske oppfatning av neurosene. Psykoanalysens lære om *fortrengningen* og *motstanden* føres videre i seksualøkonomiens lære om den *vegetative sperring*. Den psykoanalytiske grunn-teori om *neurosens seksuale årsaker* føres videre og konsentreres i den seksual-økonomiske teori om *orgasmens funksjon* og teorien om *sjelelige forstyrrelser som en følge av forstyrrelser i orgasmefunksjonen*. Den psykoanalytiske teori om at *det bevisste sinnsliv bygger på det ubevisste* føres videre i den seksualøkonomiske teori om *den vegetative holdning og væremåte*.

Dette er de områder hvor seksualøkonomien stemmer overens med eller fortsetter psykoanalysen.

2. Seksualøkonomien adskiller seg fra psykoanalysen på en rekke andre områder, hvilket vil fremgå av det følgende:

Målet for den psykoanalytiske forskning er å avdekke og oppklare ubevisste sjelelige mekanismer. Målet for den seskualøkonomiske forskning — et mål som søkes nådd ved den karakteranalytiske og vegetoterapeutiske metode — er å avdekke og oppklare *vegetative legemlige mekanismer*. Under dette arbeid fremgår det som et biresultat, at Freuds lære om det ubevisste blir stadfestet.

Den psykoanalytiske terapiske terapis vesen og mål er å gjøre det ubeviste bevisst ved å overvinne den sjelelige motstand. Karakteranalysens og vegetoterapiens vesen og mål er å gjenopprette den vegetative likevekt ved å frigjøre den orgatiske potens. Altså: man søker ikke bare å gjøre det ubevisste bevisst, men å frigjøre den vegetative energi.

For psykoanalysen er hovedformålet å få innflytelse på det ubevisste sjelsinnhold.

For seksualøkonomien og vegetoterapien er det terapeutiske hovedformål derimot å øve innflytelse på den sjelelige og seksuelle

økonomi ved å frigjøre evnen til utløsning av de vegetative seksuelle energier.

3. Forskjell i teknikken:

Den psykoanalytiske hovedmetode er «den frie assosiasjon», vesentlig må gjøre seg gjeldende ved sproglig meddelelse. Vegetoterapiens hovedmiddel er å gripe inn i den uvilkårlige og derfor også ubevisste vegetative holdning og væremåte. I vegetoterapien er derfor *tausheten,* altså utskjaltningen av de bevisste sproglige meddelelser, et av hovedmidlene, hvis hensikt er å bringe de vegetative følelser og affekter, som har sin rot i organiske prosesser, til uttrykk *før de blir bevisst.*

Psykoanalysen søker å unngå de rent legemlige vurderinger og påvirkninger.

I vegetoterapien står arbeidet med *de legemlige* holdninger og symptomer i forgrunnen.

Psykoanalytikeren sitter i regelen bak pasienten og pasienten bør se ham så lite som mulig. I vegetoterapien er denne regel opphevet, da vegetoterapien ikke lenger bruker den psykiske assosiasjonsmetode. Istedenfor den frie assosiasjon setter vegetoterapien *den frie utfoldelse av alle de vegetative holdninger og væremåter som er eiendommelige for pasienten.*

4. Psykoanalysen er en psykologi, seksualøkonomien en seksuologi. Derfor er forutsetningene for å praktisere vegetoterapien grunnforskjellige fra de tilsvarende for psykoanalysen. Den vegetoetrapiske praksis krever:

a) et tilstrekkelig kjennskap til grunnelementene i sosiologi, altså lovene for de samfunns-prosesser som øver innflytelse på menneskenes vegetative liv.

b) kjennskap til grunnelementene i seksualmoralens utviklingshistorie fra urtidssamfunnet til nå.

c) kjennskap til grunnelementene i psykiatrien, og særlig de schizofrene og de manisk-depressive mekanismer.

d) Virksomhet som vegetoterapeut krever i stadig stigende grad kjennskap til det autonome eller vegetative system og til grunnelementene i den menneskelige psykologi, videre kjennskap til grunnbegrepene i endokrinologien og forplantningsfunksjonen.

e) Forsåvidt som det er mulig å trekke slutninger av vegetoterapiens nåværende utvikling, vil vegetoterapeuten også som en nødvendig forutsetning måtte ha kjennskap til grunnelementene i cellebiologien og til de vegetative strømningsfenomener og de elektriske fenomener i primitive organismer.

f) Da vegetoterapien arbeider seg stadig mer over på de legemlige sykdommers område, blir kjennskapet til de elektriske ladnings-

tilstander i huden hos neurotiske og psykotikere en av de nødvendige forutsetninger for det daglige praktiske arbeid.

Av denne oversikt vil det fremgå, at seksualøkonomien og vegetoterapien bare *historisk* henger sammen med psykoanalysen, og i behandlingen bare har berøring med den hvad den rent psysiske side av neurosen angår, mens den for øvrig griper vidt ut over psykoanalysen og over på det biologiske og sosiologiske område.

I neste nummer av tidsskriftet vil fremkomme en artikkel med redegjørelse for de karakter-analytiske vegetoterapeuters prinsipielle stillingtagen til den nye lov om autorisasjon av psykoanalytikere.

For pedagoger: Dette nummer er blitt helt igjennom klinisk og teoretisk, men fra neste nummer av skal vi også bringe en del pedagogisk stoff, både teoretisk og praktisk.

Til leserne: Vi vil være meget takknemmelige for på alle måter å komme i forbindelse med leserne. Annetsteds i tidsskriftet er nevnt at det fra neste nr. vil komme en spørsmåls-rubrikk, og at vi etter evne vil besvare spørsmål fra leserne angående seksuelle og pedagogiske problemer. Vi vil også være takknemmelige for kritikk og forslag til artikler etc.

I neste nummer kommer et engelsk resymé av tidsskriftets artikler.

Sykehistorier:

1. Behandlinga av ei depresjon.

AV
OLA RAKNES

Det tilfellet eg her skal referera, er det fyrste som eg har behandla konsekvent, frå fyrst til sist, med den karakter-analytiske vegeto-terapien som er utarbeidd av Wilhelm *Reich* ut frå hans seksualøkonomiske nevroselære. Den fyrste framstelling av denne teknikken finst i dr. Reichs skrift «Orgasmusreflex Muskelhaltung und Körperausdruck. Oslo — Kopenhagen, Sexpol-Verlag, 1937.»

For eit par år sidan kom det til meg ein ung mann og spurde om eg trudde det kunne vera noko råd til å hjelpa han. Han hadde inga interesse for nokon ting, korkje for arbeidet sitt, for familien eller for omgjenget sitt, hadde inga politiske eller sosiale eller religiøse interesser, det var i det heile ingen stas ved å vera til. Han visste ikkje om nokonting som var i vegen med seg, på éin ting nær: han hadde så å seia inga seksuelle interesser, var aldri forelska og merka ikkje noko seksuell draging til dei kvinner han var saman med. Derimot hadde han visse fantasiar eller veike impulsar som galdt menn: ofte når han kom forbi eller snakka med ein velvaksen mann, serleg om det var ein arbeidsmann med ljos, frisk hud, fekk han hug til å trykkja seg inn til han eller slå armane om han. Desse fantasiane eller impulsane gjekk aldri vidare, og aldri hadde han gjeve etter, eller for ålvor tenkt på å gjeva etter, for dei. På grunn av desse fantasiane rekna han seg for homoseksuell, og det var dei som fekk han til å rekna tilstandet sitt for sjukleg og til å søkja lækjar for det. Nervelækjaren som han gjekk til, hadde så vist han til meg. Og no vona han at behandlinga ville setja han i stand til å finna glede i arbeidet sitt og til å leva eit normalt familieliv.

Den depresjonen han kom med, hadde vart nokre månader. Før hadde han ikkje gjort seg noko tankar om at det var noko i vegen, og hadde vore nokolunde fornøgd med livet sitt. Han var son av ein lågare embetsmann i ein småby, og var no kring 27 år gamal. Han hadde inga andre sysken enn ein 10 år eldre bror, som pasienten meinte aldri hadde spela nokor større rolle i livet hans, og som no i fleire år har vore busett i utlandet, der han óg er gift. Barn-

domen til pasienten hadde, etter det han kunne minnast, vore svært fredeleg, utan noko serlege hendigar. Han hadde vore ein flink skulegut som hadde stade seg godt med lærarane, og det same galdt dei seinare skulane — millomskulen, gymnaset og høgskulen. Etter høgskulen hadde han eit par år drive vitskapleg arbeid, og hadde deretter gjenom ein eldre kollega fått ei god stilling i eit internasjonalt firma, som driv med fabrikasjon og sal av ein moderne masseartikkel. Hans arbeid var å føra tilsyn med den tekniske sida av visse deler av framstellingsprosessen. Depresjonen hadde blitt så tydeleg at han vart plagsam om lag ved den tid då pasienten vel var komen inn i arbeidet i den nye stillinga si.

Eg kunne ikkje taka han i behandling på det tidspunktet, og sa det ville vara nokre månader før eg kunne rekna med å få nokon ledig time. Dessutan hadde eg liten hug til å taka han bort frå arbeidet sitt, og han budde 3—4 timars veg frå Oslo med jernbane. Eg spurde om han kunne tenkja seg å vera med på eit eksperiment: at han kom til Oslo kvar laurdag kveld, fekk ein time då og ein time sundag føremiddag og ein tridje sundag ettermiddag, so han kunne reisa tilbake om kvelden. Det ville han gjerne, og me avtala då å gjera det på den måten, so snart eg fekk tid. Det gjekk 4—5 månader, før han kunne få taka til. I mellomtida hadde far hans døytt, ei hending som ikkje syntest ha gjort noko serleg inntrykk på han.

Eg har sjelden hatt slikt strev med å bli klår over mitt eige inntrykk av ein mann som av denne. Han var ein medels høg, velvaksen kar, med markert, men ikkje overdrivi, kanskje litt treg høflig framferd. Andletet såg ved fyrste augnekastet ope ut, men såg ein nærare etter, so fortalde det ingenting; augo var opne, men kalde, om munnen var det ofte ein påemna smil, som kunne tyda på velvilje, på forvitenskap, og på ei trassig utbjoding: «ja, berre prøv om De kan koma nokon veg.» Rørslene hans var kanskje litt seine og tunge, men ikkje stive. Han hadde ei tydeleg ulyst til å snakka av seg sjølv, han venta til eg spurde han ut om kva som var i vegen og om hans forhold elles. På spørsmåla mine svara han i ein turr matter-of-fact-tone, utan annan affekt enn ein snev av motløyse eller interesseløyse mot slutten av setningane.

Eg tok til med å forklåra han at formålet med behandlinga var å gjera han klår over sine eigne ynske, få han til å oppleva dei på ein slik måte at han fekk tiltak og energi til å realisera dei så langt det var råd. Til å byrja med måtte han læra å kjenna sin eigen kropp og dei impulsar som han til vanleg ikkje la merke til. For at desse impulsane kunne ha lettare for å koma fram, bad eg han spana av, vidare å pusta djupare, serleg pusta betre ut enn han var van, og gjeva etter for alle impulsar han måtte merka, so framt han ikkje

såg noka vesentleg ulempe ved dei. Elles kunde han gjera som han ville i timane, sitja i stolen eller andre stader, liggja på divanen, gå ikring i romet, nett som han sjølv ynskte. Hadde han noko han ville segja, kunne han det, eller han kunne teia still, om han heller det ville. I den fyrste tida sat han for det meste.

Eg bad han leggja merke til kva han kjende av kroppen og av andletet sitt. Fyrst kjende han ingen ting, sa han — det var som han ikkje skjøna spørsmålet. Eg meinte han måtte då i minsto kjenna trykket av kroppen mot stolen han sat i. Ja, det gjorde han sjølvsagt, og eg fekk ei lita opprekning av dei stadene der han kjende dette trykket. Eg gjorde oppmerksam på at han sat med stiv rygg og spente aksler, og det kjende han — og stivna i neste augneblink til i ei ny stilling. Eg gjorde oppmerksam på andletet hans, kor lite uttrykk det var i det, men det tok lang tid før han fekk noko kjensle av det. Derimot kunne han mesta straks kjenna kor uttrykkslaus røysta hans var.

Ei tid frametter stod dette, å få han til å kjenna kroppen sin og andletet sitt, og kva han til kvar tid gjorde, i sentrum av arbeidet. Lenge var det tydeleg at han for det meste tenkte seg om og tenkte ut kva han burde kjenna, og so konstaterte at det stemte, han kjende eit trykk der og der, ei stramning på den og den staden. Det hende ein og annan gongen, soleis éin gong alt i fyrste timen, at han til si forundring konstaterte at han ingenting kjende på stader han hadde venta å kjenna noko, — ikkje rettare eg minnest, var det fyrste gongen trykket av ryggen mot stolryggen han ikkje kjende. Oftast når han hadde konstatert eit trykk eller ei spaning, skifte han litt på stillinga, og vart so sitjande urørleg i den nye stillinga liksom før i den gamle. Di meir han kjende av kroppen sin, di plagsamare vart det å sitja slik og skifta stilling stødt. Då eg gjorde oppmerksam på at han ikkje trong sitja still, tok han til dels å gå kringom i romet, dels å leda meir på seg der han sat eller låg — han hadde no teke til å liggja på divanen innimellom. Det lukkast etter kvart å syna han at han for det meste berre konstaterte dei kjenningar han merka i kroppen eller andletet, at han nesten aldri fylgde med i ei kjenning og tok nøgnare greie på ho eller fylgde med i utviklinga av ho. Og det meste han kjende var slikt som han kunne resonnera seg til, med andre ord slikt som han tenkte at eg venta av han. Då han hadde teke til å røra meir på seg, var det snart klårt at dei aller fleste av rørslene hans var heilt vilkårlege; og kom det enkelte spontane, av ein fot eller ei hand eller ein finger, so vart dei straks enten stoppa eller mekaniserte. Då eg gjorde oppmerksam på mekaniseringa, prøvde han å maskera ho. Eit døme: Ei av dei rørslene som syntest byrja spontant, var ei svinging med den eine foten; denne

rørsla fekk snart ein heilt mekanisk rytme, vart heilt einsformig. Då eg peika på det, tok foten til å svinga friare att — men om ei tid kom eg etter at han likevel svinga etter eit visst innvikla mønster, eg trur det var åtte taktar.

Det vart meir og meir tydeleg at alt det han kjende av kroppen sin hadde ein ulyst-tone, og at han difor prøvde å kjenna so lite som mogeleg av det og å tenkja minst mogeleg på det. Alle rørsler han gjorde vilkårleg, dei sa han at han gjorde for å få slutt på ei uro eller ei ulyst han kjende, og han kunne i det heile ikkje tenkja seg kroppsleg lyst anna enn som fred for uro eller ulyst. Det same galdt òg onanien, som han hadde praktisert sidan puberteten, utan større interesse, men for å få fred for uroa i kroppen.

Under dette arbeidet vart han stendig meir og meir misnøgd med seg sjølv og livet sitt, stundom og med behandlinga som ikkje gjorde det lettare, heller tvert om. Innimellom arbeidet med kroppen hadde han heile tida fortalt små drag frå sitt daglege liv, både i fabrikken og i småbypensjonatet. Det var alt lite interessant, men noko bestemt å kritisera hadde han ikkje til å byrja med. Etter kvart som han kjende seg meir og meir plaga av kroppskjenningane sine, fann han meir og meir å kritisera ved det livet han levde, serleg når det galdt arbeidet. Han tykte ingen tok større omsyn til han, korkje over- eller under-ordna; alltid var det han som måtte venta, hans framlegg eller spørsmål eller påbod kom i andre eller siste rekkja, han hadde ei kjensle at det aldri lukkast å gjera seg gjeldande. — Det var i lang tid utetter so å segja aldri tale om seksuelle problem, fråreknа at han av og til, til dels på spørsmål frå meg, fortalde at dei «homoseksuelle» tankane dukka opp om lag som før.

Etter at me hadde arbeidt ei tid med kroppskjensla hans og, i tilknyting til den, med hans autoritære innstilling — som kom so tydeleg fram i utvalet og konstateringa av dei ymse kroppskjenningar —, tok eg til å lata pasienten liggja på divanen og pusta so djupt som han utan press kunde. Det varde ikkje lenge før det tok til å koma ei rytmisk bylgje-rørsle i kroppen, som det likevel tok ei tid før han sjølv kjende. Det gjorde han fyrst etter eg hadde fått han til å setja opp knea og føra dei frå kvarandre og saman att i takt med andedraget. Då han fyrst hadde teke til å kjenna bylgjerørsa i kroppen, varde det ikkje lenge før han òg tok til å kjenna at sume stykke av kroppen kom ikkje med eller beint fram at rørsla vart bremsa der. Endå denne rørsla frå fyrst av hadde same ulyst-dåmen som alt anna han kjende av kroppen, eller i høgda kjendest affektivt nøytral, so vart han likevel fyrst utolmodig, di næst arg og til slutt, innimellom, rasande når han kjende at han ikkje fekk rørsla — eller pusten — til å gå fritt. Ein dag han klaga over at alt han kjende av kroppen

sin var ulyst, og la til at han ikkje kunne førestella seg ei positiv lyst--oppleving frå kroppen sin, gjorde eg han oppmerksam på nokre små-rørsler han gjorde med fotbladet og rista, rørsler han sjølv ikkje hadde lagt merke til, og spurde om ikkje dei kjendest umiddelbart gode, dei såg så ut, sa eg. Han kjende etter, og andletet hans lyste opp i forundring: «Er det då mogeleg å kjenna noko positivt godt av kroppen?» Eg bad han kjenna etter sjølv, og heile resten av timen — dette var i byrjinga av timen — låg han med eit levande interessert og fornøgd andlet og oppdaga kvar augneblink nye rørsler og nye inntrykk frå kroppen som det var ei lyst å gjera og å kjenna; det vart ikkje sagt eit ord før timen var ute. Det var tydeleg, både med det same og seinare, at han kjende denne timen som eit vendepunkt, og slik stod — og står — det for meg òg.

I den næraste tida etter dette, var han svært fornøgd med behandlinga og arbeidde interessert med på å lata spontane, vegetative rørsler koma fram, og på å kunna kjenna kva det var som bremsa dei. Men dette velnøyet varde ikkje lenge; det vart snart overdøyvt av eit aukande misnøye med arbeidstilhøva og med livet elles; serleg plaga det han at arbeidet hans vart so lite påskjøna, endå han tykte *han gjorde alt det ein kunne venta av han.*

Eg slo ned på dette uttrykket hans, og viste han, ut frå det han hadde fortalt om livet og arbeidet sitt og ut frå det han hadde lagt for dagen og opplevt i timane, at dette var ei grunninnsilling hjå han og hadde så vore alltid: å gjera det folk venta, eller det han trudde dei kunne venta, av han. For fyrste gongen skjøna han at det fanst andre måtar å taka arbeidet på, nemleg ut frå eins eiga saklege og subjektive interesse. Desse to «oppdagingane», at kroppen kan gjeva positivt lyst og at ein kan driva sitt arbeid ut frå ei sakleg interesse, kom i tid kort etter kvarandre, og vart innleidinga til ei grundig omlegging i hans innstilling både til seksuallivet og til arbeidet. Eg skal taka siste punktet fyrst, sidan det var det me arbeidde fyrst og mest med, endå behandlinga av seksualiteten frå no av kom stendig med og gjekk jamsides arbeidet med kroppen og drøftinga av hans arbeidsproblem.

Etter den sist-nemde «oppdaginga» tok pasienten til å sjå med nye augo på arbeidet sitt, og til å byrja med gjorde det han fortvila. Han såg at ein stor del, han meinte sjølv meir enn halvparten, av det arbeidet han vart sett til, det var sakleg sétt bortkasta, tente inga reelle føremål. Men korleis kunne han, yngstemann i fabrikken, koma og seia til sine føresette at det arbeidet dei sette han til, var meiningslaust? Der sat dei med kvar si røynsle, kvar si «sakkunne» — og kvar si personlege fåfengd. Kunne han ikkje koma til å missa stillinga si om han kom og sa at dei fór med tull? Og kvar skulle han, som no hadde spesialisert seg på dette tronge, om enn viktige

feltet, kvar skulle han få ei jamgod stilling att? Dessutan tok han til å tvila på om framstellings-prosessen som han skulle kontrollera, gjorde produktet så godt og tenleg som det burde vera. Han kvidde seg med å gå nærare inn på dette spørsmålet, for han såg snart at om han fann feil, so kunne ei omlegging av framstellinga bli so dyr, at styret nekta å gå med på ho, — og då ville vel han, som hadde kritisert den brukte måten, bli lite velsedd i fabrikken.

Det var med dette siste spørsmålet han tok til likevel. Han gav seg til å granska under mikroskopet det halvferdige produktet på dei ymse steg av framstellinga, og fann ut at det på eitt av dei tidlege stega oppførde seg annarleis enn det etter faglitteraturen skulle. Denne oppdaginga, som det ikkje var råd å tvila på var rett, måtte føra til ei omlegging av ein del av framstellingsprosessen. Han synte oppdaginga til sine føresette, — og dei var einige med han, og omlegginga vart sett i verk.

Eg hadde venta at han skulle bli glad — og kanskje litt kry — både for oppdaginga og for det resultatet ho førde til. Men det var det ikkje spor av — det var som han berre halvveges var oppmerksam på at han hadde gjort ei oppdaging som vart grunnlag for ei viktig omskiping ved fabrikken. Det gav han inga auka sjølvkjensle, og han var like usæl som før ved tanken på alt det unyttige arbeidet han gjorde; det kunne på ei vis gå før, så lenge han ikkje såg og visste det var bortkasta, men no var det ikkje til å halda ut. Han hadde klaga over dette til bror sin i utlandet, og broren trøysta han med at han måtte vera glad om han hadde eit arbeid der han kunne sjå nytten av 75 % det. Men min pasient tykte dette var ring trøyst — bortset frå det at det var meir enn 25 % av sitt arbeid han ikkje kunne sjå nytten av. Han vart verande fortvila, for det såg altfor fårleg ut å koma med nokon kritikk av dei overordna. Eg føreslo at han skulle sjå etter om det ikkje var nokon av dei overordna han kunne alliera seg med, eller noko i deira arbeid han kunne finna tilknyting til. Til å byrja med fann han ingen og ingenting, men etter kvart som frigjeringa av kroppen gjorde han friare og djervare i tanken, såg han visse utvegar til ei slik tilknyting. Og då so ein overordna frå hovudsætet for selskapet kom til fabrikken, fekk han sett honom inn i sitt syn på arbeidet og fekk han med på det. Med hans hjelp fekk han gjennomført ei heil omlegging av arbeidet sitt, og fekk selskapet til å yta pengar til innreiding av eit nytt laboratorium og til den arbeidshjelp han gjorde framlegg om.

Om lag ved den tid han tok til å sjå med nye augo på arbeidet sitt, møtte han att ei jamaldra gjente som han i fyrste barndomen hadde vore leikebror med, men som han no ikkje hadde sett stort til på mange år; ho budde no i Oslo. Straks etter han hadde møtt

henne att, baud han henne med ut på dans ein laurdagskveld; eg minner om at dette hende stutt tid etter han hadde oppdaga at det var mogeleg å oppleva kroppsleg lyst. Under dansen denne gongen kjende han, for fyrste gong i sitt liv meinte han med det same, ei vellyst ved å halda ei kvinne i armane sine. Men då han hadde fortalt om det, kom han på at han hadde nok kjent noko liknande som barn òg. Då var det ei vaksi gjente som brukte å kjæla og klemma han, og for det gav ho han kvar gong 2 øre. Ein gong ho hadde klemt han og han rette fram handa etter to-øringen, var det einkvan som såg det og lo eller på annan måte gjorde narr av han. Han hadde vorte fælt skamfull, og frå den tid var det slutt med kjælinga for godt. — Eg nemner med det samme at det i heile behandlinga ikkje kom fram andre konkrete barndomsminne enn dette eine som syntest gjeva forklåringa på ein viktig del av hans seinare åtferd.

Han vart no brå-forelska i den gamle leikesyster si, og kort tid etter fridde han til henne. Ho var i tvil om kjenslene sine og ville venta med å taka ei avgjerd. Ei tid frametter møttest dei so tidt dei båe hadde høve til det, som regel kvar sundag. Etter kvart som arbeidet med kroppen gjorde han friare, kom det til større og større intimitet mellom dei, utan at dei likevel kom til noko seksuelt forhold. Ho var tydeleg sjølv reservert, men etter det han fortalde såg det ut som ho venta og ynskte meir pågang frå hans side. Det tok ei tid før han våga gjeva etter for sine pågangs-impulsar, og då han omsider våga det, hadde ho teke til å forelska seg i ein annan, og han vart avvist. Det kom elles ikkje heilt uventa på han, ho hadde vore endå meir reservert i det siste enn før, så endå avvisinga gjorde vondt, så gjekk det ikkje så fælt innpå han likevel.

Arbeidet med kroppen hadde i denne tida gått ut på å frigjera dei vegetative rørslene i samband med pusten. Under dette kom det fleire gonger, som regel i tilknyting til grimaser og rykkingar i andletet, til bråe utbrot av blindt sinne, som aldri varde meir enn nokre augneblinkar. Det var tydeleg at han etter desse utbrota vart modigare og friare, både mot veninna si og andsynes sjefane sine — det var nettopp i denne tida han fekk gjennomført den omskipinga i arbeidet sitt som før er nemnd.

Etter kvart me fekk løyst på stramningar i kroppen, serleg i beina, krossryggen, bringa og halsen, var dei spontane rytmiske rørslene ved pustinga sterkare og meir samanhangande. Då han merka at dei gjekk av seg sjølv, vart han redd, men våga seg smått om senn til å lata stå til meir og meir. Om ei tid kom desse rørslene med slik styrke at når han fyrst hadde slept dei på seg, kunne han ikkje vilkårleg stogga dei før dei dovna av seg sjølve. Ein gong byrja desse reflektoriske rørslene medan han sat i stolen og pusta djupt;

for å gjeve kroppen høve til å røra seg heilt fritt, måtte han skunda seg og kasta seg bort på divanen. Ein annan gong om lag på same tid — det var kort tid før det omtala brotet med venninna hans — kom det saman med dei spontane rørslene ein kraftig ereksjon, og dei rytmiske samandragingane av kroppen enda med kloniske rykkingar av bekkenet og ejakulasjon. Pasienten opplevde desse rykkingane med sterk lystkjensle. — Eg skulle ha nemnt at kort tid før dei spontane rørslene vart så sterke at dei ikkje let seg vilkårleg stogga, hadde pasienten mange gonger kjent sterke varme straumar i kropps-yta, fyrst i beina, sidan i buken og bringa, sist kringom og i kjønnsorgana.

Det var klårt at me her hadde for oss den *orgasme-refleksen* som *Wilheilm Reich* hadde oppdaga og skildra[1]. Eg hadde likevel ei tydeleg kjensle av at det var noko i vegen med desse refleksen, endå det tok meg ei tid å finne ut kva det var. På den psysiske sida var det tydeleg at han enno ikkje hadde den frie, naturlege sjølvkjensla som me ventar skal koma med ein fri orgasmerefleks. Ved å studera rørslene og åtferda hans vidare, vart eg mint på nytt om det som i fyrstninga hadde hendt med alle rørsler som synte om aldri så liten spontanitet: dei vart i andre omgang alltid mekaniserte. Det same var no tilfellet med orgasme-refleksen: kroppen gjekk, fårekna rykkingane til slutt, meir som ein godt oppdregen mekanisme med aukande fart enn som ein levande organisme i naturleg funksjon. Som ein freistnad på å få bryta denne mekaniseringa bad eg pasienten rista litt på handa, liksom han ville bruka fingrane til kastanjetter; han gjorde det, og kjende at rørslene med hendene og armane baketter gav ei tydelig lystkjensle, sterkare enn den han før hadde kjent i desse lemene. Ei kort tid arbeidde me med å få i stand ei tilsvarande oppløysing eller oppmøyking av beina og bulen, og etter kvart vart då orgasme-refleksen mjukare og lettare og miste mykje av sin mekaniske karakter.

Då behandlinga, som no hadde vart 153 timar over ei tid på 15 månader, var komen so langt, stod sumarferien for døra. I den siste tida, siden det vart slutt med veninna hans, hadde han sakna kvinneleg omgjenge, og hadde kome i kjennskap med eit par gjenter som han ikkje lika noko vidare. Han kom då til å tenkja på ei ung dame han tidlegare hadde vore ein del saman med, i den tida han aldri forelska seg. Han skreiv til henne, og dei avtala å vera saman ein del av ferien. I tilknyting til ferien skulle han reisa rundt i landet ein del for fabrikken (han hadde ei tid før fått pengar og permisjon av fabrikken til ei studieferd til utlandet — alle hans forslag om slikt

[1] Orgasmusreflex, Muskelhaltung u. Kørperausdruck, 1937.

føre behandlinga hadde møtt blankt avslag). Han kom soleis til å taka eit avbrot på om lag halvannan månad i behandlinga.

Han kom att etter ferien strålande fornøgd — han hadde no avgjort med seg sjølv at han ville slutta behandlinga, han hadde nådd det han ville og meinte han skulle greia seg utan meir hjelp. I ferien hadde han fyrst gjort nokre studieferder, og deretter hadde han møtt den nemnde unge dama og vorte saman med henne fyrst i fjellet, deretter ved sjøen. Han hadde forelska seg med éin gong, var stødt saman med henne — dei var fyrst fleire i fylgje —, og det varde kje mange dagane før ho svara på kjenslene hans. Noko av det fyrste ho sa då dei møttest, var eit utrop: «Nei kva er det som har hendt deg? Du er reint forandra, du er blitt heilt opp levande, og det var du då aldri før.» Dei siste dagane hadde dei vore saman seksuelt òg; sidan dei inga preventiv-middel hadde med seg, laut dei bryta av samlega — noko som det berre var so vidt han kunne, for di bekkenet tok til å rykkja og gjekk av seg sjølv. — Han skulle om nokre veker på studieferd på hennar kant av landet, og til den tid var det avtale dei skulle sjå seg om etter utvegar til å kunna gifta seg.

Eg gjorde han oppmerksam på at andletet hans enno ikkje var fritt, at det enno ofte var noko stivt og mekanisk i dei spontane rørslene hans, og at det under behandlinga hadde kome fram so få barndomsminne. Men sidan han sjølv kjende seg so frisk og fornøgd og tillitsfull, kunne eg ikkje råda han til å halda på lenger. Han slutta altså og tok farvel, med ei varm takk for resultatet, som han var lukkeleg for.

Om lag to og ein halv månad seinare fekk eg brev frå han; han var ulukkeleg og bad om ei samtale næste helg. Han kom, og fortalde at dama hadde sagt det laut vera slutt mellom dei. Han hadde etter avtale kome til hennar by, dei hadde vore saman, òg seksuelt, og no utan avbrot eller atterhald. Men snart vart begge på det reine med at det ikkje lenger var som i ferien. Ho tykte han rette seg for lite etter skikk og bruk, og klaga dertil at han sa for lite, fann på for lite. Han for sin part tykte ho var for kravsam, venta at han alltid skulle spandera — endå ho hadde like god råd som han — og at ho alltid ville ha avgjerda. På mitt spørsmål sa han, at han nok hadde lagt merke til under samlega at ho ikkje var heilt med, men det hadde han prøvt skuva frå seg og ikkje tenkja på. Etter kvart som han fekk snakka ut om korleis misstemninga mellom dei hadde kome opp, såg han at dei eingenleg høvde lite saman, både seksuelt og annarleis; han hadde nok stundom vore inne på den tanken før òg, men hadde ikkje heilt våga å stå ved han. No fekk han lyst til å sjå seg om etter kvinner på sin eigen kant av landet, det måtte

då finnast gjenter der òg, men hittil hadde han ikkje kunna sétt seg om etter dei.

Eg let han leggja seg på divanen ei lita stund, og før eitt minutt var gått, kom det spontane vegetative rørsler, som etter kvart samla seg i ein orgasme-refleks. Rørslene var no mjukare og friare enn før, og andletet var meir med, kunne m. a. langt betre enn før gjeva uttrykk for lystkjensle ved rørslene; men heilt fritt var det ikkje. Omfram andletet var det serleg øvste stykket av bulen, bringa litt nedanfor halsgropa og ryggen frå halsen ned mellom herdablada som enno var noko stive. Men stort sétt synte rørslene hans at framgangen i mjukleik frå siste tida av behandlinga hadde gått vidare sidan òg. Til det svara òg det han fortalde om arbeidet sitt. Den sjølvstendigare stillinga si nytta han til meir og meir sjølvstendig arbeid på heilt sakleg grunnlag, og spurde ikkje meir etter reglement og order enn det han fann sakleg grunn til. Eg hadde difor gode voner for framtida hans, jamvel om eg kann tenkja meg at det som stod att uløyst *kann* (men ikkje treng) gjeva grunnlag for eit tilbakefall.

So lenge det ikkje har gått lengre tid sidan behandlinga slutta, finn eg det for tidleg å taka opp til drøfting dei ymse problem som dette tilfellet kunne reisa. Berre eitt vil eg alt no peika på, av di dette tilfellet reiser det tydelegare enn noko av dei andre tilfella eg har behandla med vegeto-terapevtisk teknikk. I dei allerfleste tilfelle er det så at når pasienten fullt ut kjenner ei holdning, eitt uttrykk eller ei spaning slik at han opplever dei, så dukkar det òg fram minnet om den situasjonen eller den hendinga som skapte dei. I fleire tilfelle har eg på den måten fått ein større rikdom på tidlegare gløymde minne enn i noko av mine tilfelle med psykoanalytisk behandling. I dette tilfellet derimot kom det så å seia inga gløymde barndomsminne fram — frårekna det eine eg har nemnt, — endå me arbeidde oss grundig igjennom hans meir eller mindre infantile hemningar i tilslutning til deira kroppslege uttrykk. Det problemet som reiser seg, er dette: Kann ein grundig og varig retta på infantile innstillingar, vinna over infantil angst og frigjera dei naturlege impulsane, utan at minnet om dei situasjoner og hendingar som skapte desse ting, kjem til medvit og til uttrykk? Er det nok at ein finn ut og får pasienten til å oppleva hemningane sine i deira aktuelle forankring og får han til å vinna over dei der? Som dette tilfellet no står, kan det ikkje gjeva noko løysing på problemet, men det tvingar oss til å ha det for augo.

Vegetoterapi.

AV

ODD WÅGE HAVREVOLD

I.

HISTORIKK

Vegetoterapien er grunnlagt av dr. Wilhelm Reich. Den betegner på samme tid en fortsettelse av og et brudd med den Freudske psykoanalyse, både i det teoretiske fundament og i den tekniske utformning av psykoterapien. Det er nødvendig å begrunne dette med en oversikt over utviklingen av den del av psykologien som betegnes som den «analytiske psykologi».

Psykologien kan vi skjematisk finne preget av tre epoker.

1) *Psykologien inntil Freud.* Denne epoke kan vi betegne som *«fenomenologisk»*. Dens forskningsfelt har vesentlig vært de ytre, av alle erkjennbare, fenomener av sjelelig natur.

Den har innregistrert fenomenene på vår psykes overflate og samlet et svært materiale av iakttagelser. Psykiatrien, som den manifesterer seg i dag, befinner seg i denne periode av iakttagelse og innregistrering av fenomener. Dens utvikling i de senere årtier går i retning av å knytte iakttagelsene fra det fysiske og psykiske sammen til en «psyko-somatisk» oppfatting av organismen som helhet.

Den fenomenologiske periode har overlatt oss en enorm stoff-fylle, og vil vel alltid fortsette som en bestemt gren i forskningen. Men bortsett fra det verdifulle erfaringsmateriale den bringer oss, er den tørr, deskriptiv, «mekanistisk» i sitt vesen.

2) *Freud* innledet i slutten av forrige århundre en helt ny epoke i psykologien. Hans innsats betegner en veldig landevinning i psykologien. Den faller i flere ledd som organisk hører sammen. De viktigste punkter er: 1) *Påvisningen av den infantile seksualitet.* 2) Systematisk avdekning av *det ubevisste sjelsliv,* et område som forskere tidligere hadde streifet, men ikke erkjent og kartlagt som Freud. 3) Innføring i *dybdespykologien* som han erkjente gjennom oppfinnelsen og anvendelsen av 4) *den psykoanalytiske undersøkelses- og behandlingsteknikk.*

Spesielt må legges brett på Freuds seksualteorier.

Begrepet seksualitet blir av de fleste mennesker, til dels også av presumptivt sakkyndige, nesten utelukkende oppfattet som de fornemmelser, reaksjoner og handlinger som er knyttet til kjønnsorganene, genitalia.

I psykoanalytisk sprogbruk, og enda mer i seksualøkonomien, må «Seksualitet» oppfattes og forståes på en annen og bredere basis.

I seksualøkonomisk forstand oppfattes «Seksualitet» som energi, «leve-energi». Vår egen fornemmelse av «liv» i oss selv er direkte eller indirekte knyttet til vår driftsenergi, vår seksualitet.

Den analytiske forskning, startet av Freud, sammen med den nyere barnepedagogikk og barnepsykologi, har åpnet øynene for at de fenomener som hos voksne manifesterer seg som genital-seksualitet, har sin begynnelse hos spedbarnet under ganske andre former.

Seksualenergien — leveenergien søker «Lyst», og den søker lysten der hvor den best kan fornemmes. Hos spebarnet er den knyttet sammen med spiseakten, pattingen. Den er knyttet til huden, særlig til bestemte partier av denne. Senere knyttes den til prosessene for tømming av tarm og urinblære, og lystfornemmelsene forbindes med de organer som deltar i disse prosesser: leber, tunge, svelg, endetarm, urinrørsåpning, forskjellige hudpartier som: håndflate, ansikt, brystvorter, osv. Hos voksne finner vi rester av disse tidligere dominerende fikseringssteder for lystfølelsen igjen som «erogene soner»: steder på kroppsoverflaten som ved pirring gir genital-seksuell opphisselse. Ja, pathologisk finner vi voksne mennesker, hvor utviklingen til den normale genitale seksualitet er blitt hemmet, så det seksuelle driftsavløp er blitt hengende i en av disse infantile lokalisasjoner.

Barnet begynner tidlig å leke med og pirre disse erogene soner. Hos spebarnet er dette knyttet til munn (sutting, smatting, «su på fingeren»), svelg og stemme (pludring, gledeshyl osv.). Senere trekkes kjønnsorganene inn i egenpirringen som da kalles for *onani*. Det er lett å konstatere for en oppmerksom iakttager at barnet tydelig merker den kvantitative økning av lystfølelse ved den genitale pirring i forhold til de ovennevnte ikke genitale pirringer. De former for egenpirring som foregår *før* barnet begynner å onanere, kalles for *pregenitale*. De er sælig knyttet til munnen, samt til endetarmåpningen og urinrøret, og særlig til disses funksjoner som uttømningsorganer for urin og avføring. Selve produktene, urin og avføring, eier også tidlig barnets levende interesse.

De pregenitale pirringer finner vi leilighetsvis igjen hos voksne som «onaniekvivalenter».

Lystfølelsen ved bevegelser viser seg ved barnets spontane og tilsynelatende helt umotiverte muskulære aktiviteter.

Alle disse spontane seksualytringer hos barnet blir i vårt nåværende samfunn mer eller mindre hemmet, fordi dette samfunnet er seksualfiendtlig innstillet. Den uskyldige barneleken er «gal», «stygg», «fy»!, «uoppdragen», ja «FARLIG». Barn blir ikke oppdratt etter sine egne spontane ønsker og drifter, men etter de voksnes meninger og utålmodighet, etter foreldrenes husrom. Biologisk sett kommer de til verden på en «feil klode», nemlig de voksnes og ikke barnenes. Det er bare ganske få primitive samfunn, matriarkater med «seksualbejaende» moralinnstilling, som kan gi oss et noenlunde biologisk riktig bilde av hvordan barn i virkeligheten forholder seg når de får utfolde seg etter sin natur, og ikke etter de «voksnes» hemming av barnets drifter.

Freuds viktigste oppdagelse er utvilsomt påvisningen av den barnlige seksualitet. Det ga ham nemlig høve til å studere individets

utvikling fra barn til voksen på en ny måte. Han så og påviste individets *indre* utvikling, dets stumme historie, dets liv bak de kulisser som markeres av det ytre livs fenomenologi. «Freuds psykologi kan derfor betegnes som *«Historisk-genetisk»*. Den avslører individets indre historie, illustrert gjennom seksualitetens skjebne hos individet.

Freuds arbeider innleder en epoke som betegner et revolusjonerende sprang i psykologien. Et helt nytt syn på mennesket betinges i disse nye iakttagelser. De leverer den uundværlige basis for den videre utvikling, idet det nye spørsmål, det nye forskningsfelt som dukker opp, blir: «hvad er kraftkildene, energien i alle disse fenomener?»

Og her kommer vi over i den tredje epoke, den *«energetisk-funksjonelle»*, oppstillet og utarbeidet av Reich i Seksualøkonomien.

3) *Den energetisk-funksjonelle psykologi* går prinsipielt et skritt videre, og liksom Freuds *historisk-genetiske* psykologi danner et brudd med den tidligere *«fenomenologiske»*, betegner Reichs psykologi et brudd med psykoanalysen. Seksualøkonomien har mange fellestrekk med analysen, men representerer i sitt grunnsyn noe nytt. Den ser ikke på «Libido» som et sjelelig driftsfenomen, men betrakter den som vegetativ energi, identisk med «leveenergien». Generellt psykologisk kan man si: Reichs psykologi rykker problemet over i utforskningen av den energi som er drivkraften til alle de påviste «fenomener» og «historier».

Neuroseproblemet blir da nødvendigvis utvidet til å omfatte kroppslige fenomener. Ikke etter den mekanistiske betraktningsmåte at sykelige sjelstilstander innvirker på de kroppslige og omvendt. Seksualøkonomiens energetiske synsmåte viser oss *neurosenes symptomer, både kroppslige og sjelelige, som spesifikke utslag av hemninger i seksualenergiens funksjon, utslag som manifesterer seg gjennom de mekanismer som legeme og sjel hver for seg råder over.*

Reich kom til sine slutninger gjennom kombinerte psykologiske, seksuologiske og biologiske studier. I sine seksualstudier festet han seg ved *Orgasmefunksjonen* som kjernen i det seksual-energetiske problem. Kliniske studier og erfaringer ga ham visshet for at *kun den normale genitale orgasme gir den adekvate utløsing for den vegetativt seksuelle energiopphoping i organismen.*

Hos neurotikere finner vi *aldri* normal orgasme. Derfor vil kjønnslivet hos en neurotiker være preget av ufullstendig energi- og lystutløsing. Den ikke avløpne energi «stues opp» i kroppen, binder seg gjennom de mangfoldige kroppslige og sjelelige mekanismer, og danner funksjonsforstyrrelser, eller i daglig tale: nervøse symptomer.

Selve uttrykket «neurose» er derfor etter seksualøkonomiens

